

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-M88, TI-&00	23/213

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr

Forslag til vedtak:

- I samsvar med forvaltningslova §37 blir framlegg til forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr, lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.
- Høyringsperioden er seks veker

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I 2016 kom det ei ny nasjonal forskrift om brannførebygging, med krav om å gjennomføre feiing og tilsyn av fyringsanlegg på ein annan måte. Den største endringa er at feiing og tilsyn skal vere risikobasert ut frå ein kartlagt risiko, og feiing og tilsyn skal gjennomførast i tråd med risikovurderinga. Frekvenskrava blei fjerna og erstatta med ei lokal risikovurdering. Det kom også krav til å kartlegge utsette grupper med særleg risiko, i tillegg til at hytter og fritidsbustader skal ha feiing og tilsyn på lik linje med bustadhus. Forskrifta er utarbeidd av Nordhordland brann og redning, i samarbeid med kommuneadvokaten i Alver kommune.

Vurdering

For å klargjere overgangen til eit risikobasert system, blir det lagt fram ei lokal forskrift som skal tydeleggjere at kommunen kan krevje inn gebyr uansett frekvens og tidspunkt. Gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg blir fastsett årleg av kommunestyret, og gebyr blir krevja inn frå alle som har fyringsanlegg, uavhengig av bruk. Gebyret er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn blir gjennomført, men blir gjennomført i tråd med ei risikovurdering. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg blir utført av Nordhordland brann og redning (NHBR), og dei praktiske konsekvensane av endringane i forskrifta blir handtert av avdeling for feiing og bustadtilsyn.

Framlegg til lokal forskrift blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova §37, med 6 vekers høyringsfrist. Dei andre kommunane i brannsamarbeidet, Austrheim og Alver, må også handsame den lokale forskrifta for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Konklusjon

I denne saka skal formannskapet legge ut eit framlegg til forskrift på høyring. Dette gjeld forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr.

Kommunestyret - 060/2023

KS - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

- I samsvar med forvaltningslova §37 blir framlegg til forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr, lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.
- Høyringsperioden er seks veker

Vedlegg:

Lokal forskrift feiing og bustadtilsyn 2023